

MØTEBOK

Organ	Vestlandsrådet
Møtestad	Rica Sunnfjord Hotell, Førde
Møtedato	11.06.2010
Kl.	09.00 – 13.00

Faste medlemmer til stades:

Olav Bratland (H Møre og Romsdal)
Jon Aasen (Ap Møre og Romsdal)
Frank Svee (Frp Møre og Romsdal)
Svein Atle Roseth (KrF Møre og Romsdal)
Gunn Berit Gjerde (V Møre og Romsdal)
Janne Johnsen (H Rogaland)
Olav Ingvaldstad (Frp Rogaland)
Torill Selsvold Nyborg (KrF Hordaland)
Tom-Christer Nilsen (H Hordaland)
Gisle Handeland (Ap Hordaland)
Mette Holmefjord Olsen (SV Hordaland)
Åshild Kjelsnes (Ap Sogn og Fjordane)
Heidi-Kathrin Osland (SV Sogn og Fjordane)
Elin Merete Førde (Frp Sogn og Fjordane)

Forfall til møtet:

Ellen Solheim (KrF Rogaland)
Jarle Braut (V Rogaland)
Tom Tvedt (Ap Rogaland)
Terje Søviknes (Frp Hordaland)
Mathias Råheim (H Sogn og Fjordane)
Nils R. Sandal (Sp Sogn og Fjordane)

Varamedlemmer til stades:

Gro Skartveit (V Rogaland)
Jenny Følling (Sp Sogn og Fjordane)
Edith Aarebrot Madsen (H Sogn og Fjordane)

Til stades med tale-/framleggsrett:

Fylkesrådmann Ottar Brage Guttelvik, Møre og Romsdal
Utviklingssjef Matti Torgersen, Hordaland
Fylkesrådmann Jan Øhlckers, Sogn og Fjordane
Fylkesdirektør Terje Fatland, Rogaland

Andre til stades:

Sekretariat for møtet:

Sekretariatsleiar Trond Ueland

Ingen merknader til innkalling og sakliste.

Utvalet tok stilling til om kva saker som skal vere opne/lukka.

Open time:

Representanten Frank Sve (Frp Møre og Romsdal) ba om at Vestlandsrådet må få på dagsorden meir fokus på sakene ferjesituasjon/ferjekaiar og rassikring og øve trykk på regjeringa.

Vestlandsrådet sende dette over til AU for nærare oppfølging.

SAK 7/10

E39 Kyststamvegen - finansiering og konseptvalutgreiingar

Frå fylkesrådmannen låg det føre slik tilråding til vedtak:

1. Vestlandsrådet vil jobbe for å få til gode finansieringsløyseringar knytt til investeringsbehova på E39 Kyststamvegen. Ordningar det vil vere aktuelt å jobbe for er: Prosjektfinansiering i offentleg regi, offentleg og privat samarbeid (OPS), statleg veginvesteringsfond (fjordkryssingsfond), rentekompensasjonsordning for ferjeavløysingsprosjekt på riksveg m.m.
2. Vestlandsrådet vil vurdere ei ordning med regionale/fylkeskommunale administrasjonsselskap knytt til bompengerekkjeving
3. Vestlandsrådet vil fram mot neste rullering av NTP, be om at administrasjonane jobbar med å oppdatere handlingsprogrammet knytt til Vestlandsrådet si transportplan 2007-2019. Det er viktig at ein i dette arbeidet har spesiell fokus på E39 Kyststamvegen.
4. Vestlandsrådet vil engasjere seg i konseptvalutgreiingane som no er satt i gang på E39 Kyststamvegen.

Endringsframlegg:

Representanten Janne Johnsen (H, Rogaland) sette fram slikt framlegg til nytt punkt 5:

”5. Vestlandsrådet vil arbeide for at det vert opna for å bruke autopassbrikke på ferjene på Kyststamvegen.”

Representanten Svein Atle Roseth (Krf. Møre og Romsdal) sette fram slikt framlegg til nytt punkt 6:

”6. Betring av ferjetilbodet på riksvegane med 20 min. avgangar som målsetting.”

Avrøysting:

Det vart halde prøverøysting over framlegg til nytt pkt 6 frå Svein Atle Roseth (Krf. Møre og Romsdal).

3 røysta for framlegget.

14 røysta mot.

Framlegget vart deretter trekt.

Det vart røysta punktvis:

Punkta 1, 3 og 4 i tilrådinga frå fylkesrådmannen og nytt punkt 5 i framlegget frå representanten Janne Johansen (H, Rogaland) vart samrøystes vedtekne.

14 røysta for tilrådinga frå fylkesrådmannen til punkt 2.

3 røysta mot.

Dette gir følgjande VEDTAK:

1. Vestlandsrådet vil arbeide for å få til gode finansieringsløysingar knytt til investeringsbehova på E39 Kyststamvegen. Ordningar det vil vere aktuelt å arbeide for er: Prosjektfinansiering i offentlig regi, offentlig og privat samarbeid (OPS), statleg veginvesteringsfond (fjordkryssingsfond), rentekompensasjonsordning for ferjeavløysingsprosjekt på riksveg m.m.
2. Vestlandsrådet vil vurdere ei ordning med fylkeskommunale administrasjonsselskap knytt til bompengerevning
3. Vestlandsrådet vil fram mot neste rullering av NTP, be om at administrasjonane arbeider med å oppdatere handlingsprogrammet knytt til Vestlandsrådet si transportplan 2007-2019. Det er viktig at ein i dette arbeidet har spesiell fokus på E39 Kyststamvegen.
4. Vestlandsrådet vil engasjere seg i konseptvalutgreiningane som no er satt i gang på E39 Kyststamvegen.
5. Vestlandsrådet vil arbeide for at det vert opna for å bruke autopassbrikke på ferjene på Kyststamvegen.

SAK 8/10

Avslutning av prosjektet "Ekspressbuss Vestlandet"

VEDTAK:

1. Med bakgrunn i resultatane frå prosjektet "Ekspressbuss Vestlandet", vedtek Vestlandsrådet at forsøk på å styre eit samarbeid mellom selskapa som i dag driv ekspressbussruter på strekninga Stavanger-Trondheim blir avslutta.
2. Vestlandsrådet meiner likevel at det ut frå ein miljø- og transportpolitisk ståstad bør vere mogeleg å realisere eit høgfrekvent ekspressbuss tilbod mellom byane på kysten vår (Stavanger-Trondheim). Vestlandsrådet oppmodar derfor fylkeskommunane og Samferdselsdepartementet om å arbeide vidare med å få til eit høgfrekvent samanhengande ekspressbusstilbod på denne strekninga. Føresetnaden er at det vert opna opp for monaleg statleg økonomisk støtte til eit slikt sentralt og viktig samferdselstiltaket på Vestlandet.

SAK 9/10

Vestlandsrådet og NSC/CPMR

VEDTAK:

1. Vestlandsrådet ønskjer å auke samordninga på Vestlandet inn mot NSC/CPMR. Dette kan gjerast m.a. ved at:
 - Vestlandsrådet vil forsøke å sikre at alle dei tematiske gruppene i Nordsjøkommisjonen har politisk aktiv deltaking frå Vestlandet,
 - ein vil vidare forsøke å samordne kandidatar til ledige leiar-/nestleiarroller i Nordsjøkommisjonen sine tematiske grupper og Vestlandsrådet sin representant inn i Nordsjøkommisjonen sitt styre.
 - Vestlandsrådet vil med jamne intervall søkje å vere vertskap for ein eller fleire større internasjonale konferansar/arrangement i regi av CPMR/Nordsjøkommisjonen
 - ein vil skape eit nettverk mellom politikarar med internasjonalt engasjement gjennom årlege samlingar på Vestlandet

SAK 10/10

Innspill til arbeid for å utarbeide en Nordsjøstrategi i regi av EU

Frå fylkesrådmannen låg det føre slik tilråding til vedtak:

1. Vestlandsrådet ber den norske regjeringa følge opp arbeidet med en strategi for Nordsjøen og sørge for at EØS-avtalen blir gjort gjeldende for arbeidet, slik at Norge og norske fylkeskommuner kan delta i arbeidet med utarbeiding og gjennomføring av en slik strategi.
2. Vestlandsrådet mener Nordsjøstrategien må være en sektorovergripende strategi som omhandler både selve Nordsjøen og regionene rundt.
3. Vestlandsrådet vil foreslå at følgende tema blir fokusert i Nordsjøstrategien:
 - forskning og utvikling omkring omstrukturering av maritime næringer
 - forskning og utvikling knyttet til risikoanalyse (kartlegging, forebygging og håndtering) i forhold til maritime transport og andre aktuelle aktiviteter
 - forskning og utvikling knyttet til bærekraftig omstilling og utvikling av kystsamfunn
 - forskning og utvikling knyttet til integrert kystsoneplanlegging

- prosjektutvikling knyttet til hvordan felles språk og kultur rundt Nordsjøen kan være utgangspunkt for videre innovasjon og utvikling
- regional medvirkning i utvikling og gjennomføring av tiltak
- maritime korridorer og intermodale transportløsninger
- havner og miljø
- infrastruktur for fornybar energi
- marine ressurser
- videreutvikling i forhold til olje/gass ressursene

Endringsframlegg:

Representanten Åshild Kjelsnes (Ap, Sogn og Fjordane) sette fram slikt framlegg til vedtak:

Nytt punkt 1 i staden for punkt 1 i tilrådinga frå fylkesrådmannen:

Vestlandsrådet ber den norske regjeringa følge opp arbeidet med en strategi for Nordsjøen og sørge for at EØS-avtalen blir gjort gjeldende for arbeidet, slik at Norge og norske fylkeskommuner kan delta aktivt i prosessen og i arbeidet med utarbeiding og gjennomføring av en slik strategi.

Nytt kulepunkt i punkt 3:

Klima og miljøutfordringer i Nordsjøen.

Representanten Janne Johnsen (H, Rogaland) sette fram slikt framlegg til nytt punkt 2 i staden for punkt 2 i tilrådinga frå fylkesrådmannen:

”2. Vestlandsrådet mener Nordsjøstrategien må være en sektorovergripende strategi som omhandler både selve Nordsjøen og regionene rundt Nordsjøbassenget.”

Avrøysting:

Framlegget frå Åshild Kjelsnes (Ap, Sogn og Fjordane)vart samrøystes vedteke.

Framlegget frå representanten Janne Johnsen (H, Rogaland) vart samrøystes vedteke.

Tilrådinga frå fylkesrådmannen med dei endringar som avrøystingane ovanfor medfører, vart samrøystes vedteken.

Dette gir følgjande VEDTAK:

1. Vestlandsrådet ber den norske regjeringa følgje opp arbeidet med ein strategi for Nordsjøen og sørge for at EØS-avtalen blir gjort gjeldande for arbeidet, slik at Norge og norske fylkeskommuner kan delta aktivt i prosessen og i arbeidet med utarbeiding og gjennomføring av ein slik strategi.
2. Vestlandsrådet meiner Nordsjøstrategien må vere ein sektorovergripande strategi som femner både sjølv Nordsjøen og regionane rundt Nordsjøbassenget.
3. Vestlandsrådet vil foreslå at følgjande tema blir fokusert i Nordsjøstrategien:

- forskning og utvikling omkring omstrukturering av maritime næringer
- forskning og utvikling knytta til risikoanalyse (kartlegging, forebygging og håndtering) i forhold til maritime transport og andre aktuelle aktivitetar
- forskning og utvikling knytta til bærekraftig omstilling og utvikling av kystsamfunn
- forskning og utvikling knytta til integrert kystsoneplanlegging
- prosjektutvikling knytta til korleis felles språk og kultur rundt Nordsjøen kan vere utgangspunkt for vidare innovasjon og utvikling
- regional medvirkning i utvikling og gjennomføring av tiltak
- maritime korridorer og intermodale transportløsningar
- havner og miljø
- infrastruktur for fornybar energi
- marine ressurser
- videreutvikling i forhold til olje/gass ressursene
- klima og miljøutfordringar i Nordsjøen.

SAK 11/10

Nasjonal medfinansiering NORA - Nordatlantisk samarbeid i regi av Nordisk Ministerråd

VEDTAK:

1. Vestlandsrådet sluttar seg til orienteringa slik det går fram av saksframlegget
2. Vestlandsrådet ser føre seg at rådet får høve til å kommentere framlegg til ny strategi for NORA 2011 til 2015 straks det ligg føre

SAK 12/10

Sak om ny petroleumsmelding - Norsk sokkel, ny virkelighet med behov for nye løsnings

Frå fylkesrådmannen låg det føre slik tilråding til vedtak:

1. Vestlandsrådet sluttar seg til forslag til hovedpunkt om petroleumsmeldingen slik dei framstår i saksframstillingen.
2. Vestlandsrådet er innstilt på å spele ein aktiv rolle i prosessen vidare fram til endeleg behandling av petroleumsmeldingen i Stortinget.

Endringsframlegg:

Representantant Mette Holmefjord Olsen (SV, Hordaland) sette fram slikt framlegg til vedtak:

”Saka vert utsett.”

Avrøysting:

Det vart røysta over utsettingsframlegget.

8 røysta for.

9 røysta mot.

Saka kom deretter opp til handsaming.

Endringsframlegg:

Representantane Mette Holmefjord Olsen (SV, Hordaland), Gunn Berit Gjerde (V, Møre og Romsdal) Heidi Katrin Osland (SV, Sogn og Fjordane) og Gro Skartveit (V, Rogaland) sette fram slikt framlegg til vedtak:

”Petroleumsmeldinga må gje grunnlag for den breie styringsplattforma som myndigheiter og næringslivet treng for å kunna forvalta og utnytta dei norske petroleumsressursane på ein berekraftig måte.

Noreg har med sin ressursrikdom også eit geopolitisk ansvar for at våre petroleumsressursar vert nytta på best mulig måte.

Stortingsmeldinga må fokusera på dei langsiktige utfordringane petroleumsvirksomma står ovanfor i høve til miljø og fiskeressursar, samstundes som den må trekkja linene i høve det store energibiletet både internasjonalt, regional og lokalt. Her må meldinga leggja til grunn utviklinga som skjer innan fornybar energi og korleis forskning og ny teknologi kan verta drivarar for ei berekraftig energiframtid for landet.

Kompetansen som er utvikla gjennom 40 år med oljeutvinning må vera med og dreia mot ein meir framtidretta og miljøvennleg energiproduksjon. Regjeringa må utforma og gode rammevilkår for å oppnå dette.

Det er viktig å sikra tilstrekkeleg kompetanse/rekruttering for å møte framtida sine utfordringar knytt til energiproduksjon. Får å nå dette, trengst tilstrekkeleg og relevant utdanningskapasitet på alle nivå i utdanningsløpet, og ungdom må motiverast til vilja vera med å byggja landet med fornybar energi i framtida

Det kan ikkje setjast i gang oljeutvinning i område der utvinning kan koma i sterk konflikt med miljø og fiskeressursar i Møresokkelen.”

Åshild Kjelsnes (Ap, Sogn og Fjordane) sette fram slikt framlegg til vedtak:

A Inn som fortsetjing av nest siste kulepunkt side 33 av 41:

”Det må i denne samanheng leggast stor vekt på formuleringane i regjeringserklæringa som seier følgjande:

Det er eit mål at nye prosjekt skal gi regionale ringverknader ved at dei bidrar til næringsutvikling og arbeidsplassar lokalt/regionalt, blant anna gjennom lokalisering av driftsorganisasjonane. Særlig viktig er det å satse på kompetansearbeidsplassar lokalt”.

B Nytt kulepunkt om ringverkander:

”Det har lenge vore ei uttrykt målsetting å ta gassen i bruk i Noreg. Målsettingane i regjeringserklæringa om å fortsette arbeidet med å legge til rette for auka bruk av gass i Norge må difor få prioritet. Det som der er sagt om at ein saman med Gassco, aktørene på norsk sokkel og industrielle aktører må vurdere ilandsføringsløsningar og industriell bruk av gass når dette er et alternativ, må få reelt innhald gjennom systematiske og grundige utgreingar i tidleg fase av planar for utbygging av nye felt”.

C Nytt kulepunkt framfor siste kulepunkt:

”Den store utblåsinga i Mexicogulven demonstrerer tydeleg at petroleumsverksemdar inneber reell risiko. Heller ikkje næringa avviser unisont at noko liknande kan skje på norsk sokkel. Det verkar fornuftig å sette diskusjonane om å opne nye sårbare område på vent inntil ein har hatt ein grundig gjennomgang av kva som gjekk gale, og kva som eventuelt må gjerast for å unngå at noko liknande kan skje på norsk sokkel.”

Avrøysting:

5 røysta for framlegget frå representantane Mette Holmefjord Olsen (SV, Hordaland), Gunn Berit Gjerde (V, Møre og Romsdal) Heidi Katrin Osland (SV, Sogn og Fjordane) og Gro Skartveit (V, Rogaland).

12 røysta mot.

11 røysta for framlegget frå representanten Åshild Kjelsnes (Ap, Sogn og Fjordane) til punkt A.

6 røysta mot

16 røysta for framlegget frå representanten Åshild Kjelsnes (Ap, Sogn og Fjordane) til punkt B.

1 røysta mot.

14 røysta for framlegget frå representanten Åshild Kjelsnes (Ap, Sogn og Fjordane) til punkt C.

3 røysta mot.

14 røysta for fylkesrådmannen si tilråding med dei endringar som avrøystingane ovanfor medfører.

3 røysta mot.

Dette gir følgjande VEDTAK:

1. Vestlandsrådet sluttar seg til forslag til hovedpunkt om petroleumsmeldingen slik dei framstår i saksframstillingen med slike endringar:

A. Inn som fortsetjing av nest siste kulepunkt side 33 av 41:

”Det må i denne samanheng leggast stor vekt på formuleringane i regjeringserklæringa som seier følgjande:

Det er eit mål at nye prosjekt skal gi regionale ringverknader ved at dei bidrar til næringsutvikling og arbeidsplasser lokalt/regionalt, blant anna gjennom lokalisering av driftsorganisasjonane. Særlig viktig er det å satse på kompetansearbeidsplassar lokalt”.

B Nytt kulepunkt om ringverknader:

”Det har lenge vore ei uttrykt målsetting å ta gassen i bruk i Norge. Målsettingane i regjeringserklæringa om å fortsette arbeidet med å legge til rette for auka bruk av gass i Norge må difor få prioritet. Det som der er sagt om at ein saman med Gassco, aktørene på norsk sokkel og industrielle aktører må vurdere ilandsføringsløsningar og industriell bruk av gass når dette er et alternativ, må få reelt innhald gjennom systematiske og grundige utgreingar i tidleg fase av planar for utbygging av nye felt”.

C Nytt kulepunkt framfor siste kulepunkt:

”Den store utblåsinga i Mexicogulften demonstrerer tydeleg at petroleumsverksemdar inneber reell risiko. Heller ikkje næringa avviser unisont at noko liknande kan skje på norsk sokkel. Det verkar fornuftig å sette diskusjonane om å opne nye sårbare område på vent inntil ein har hatt ein grundig gjennomgang av kva som gjekk gale, og kva som eventuelt må gjerast for å unngå at noko liknande kan skje på norsk sokkel.”

- 2 Vestlandsrådet er innstilt på å spele ein aktiv rolle i prosessen vidare fram til endeleg behandling av petroleumsmeldinga i Stortinget.

SAK 13/10

Skriv og meldingar 2010

VEDTAK:

1. Referat frå møte i AU 12 mai 2010
2. Notat - Nytt kraftregime
3. Notat – oversikt over saker i Vestlandsrådet frå 2003 til 2009
4. Notat – kultursatsing og grunnlag for innspel til Stortingets familie- og kulturkomite
5. Notat – kystskogbruket og status
6. Notat – torskeoppdrett – innspel til departementet i samband med møte
7. Rapport torskenæringa på Vestlandet
8. Notat – Forum for lokalt og regionalt folkevalgte i EFTA
9. EXPO 2010 – kort status
10. Fråsegn Stad skipstunnel
11. Brev til Samferdsledepartementet
12. Brev til Fagskolane
13. Vestlandsrådet som vertskap for OECD analyse i regi av NORA – 2 dagars høyring i Bergen 22 og 23 juni 2010
14. Kort mediestrategi
15. Notat om møte med samferdsleminister Magnhild Kleppa
16. Årsmelding NORA 2009
17. Info EXPO 2010

18. Prosjektskildring for innhenting av nøkkeltal om marin og maritim verdiskaping på Vestlandet.
19. Kopi av protokoll frå Møre og Romsdal fylkeskommune om kraftsituasjonen

SAK 14/10**Omorganisering av ABM-feltet. Nye oppgåver for fylkeskommunane?****VEDTAK:**

1. Vestlandsrådet oppmodar Kulturdepartementet til at omlegginga av ABM-feltet ikkje må føra til ytterlegare sentralisering og byråkratisering av eit viktig regionalt politikkområde. Vestlandsrådet oppmodar til overføring av statlege oppgåver til fylkeskommunen.
2. Vestlandsrådet oppmodar Kulturdepartementet til å ha merksemd på korleis ABM-feltet grip inn i utforminga av regional politikk. Dei tre sektorane må knytast nærare til regionale folkevalde organ og fylkeskommunane si rolle som regionale utviklarar. Det må utviklast modellar for forpliktande samhandling og bruk av regional kompetanse.
3. Vestlandsrådet meiner at tildeling av statlege midlar på ABM-feltet må ha samanheng med vedteken regional politikk, t.d. ved at delar av utviklingsmidlane som i dag er disponert av ABM-utvikling, vert førte over til fylkeskommunane. Fylkeskommunane må få eit større politisk og fagleg handlingsrom til å nytte ABM-feltet som verkemiddel i regional utvikling og igjen få eit samlande grep om museumspolitikken.

SAK 15/10**Stad skipstunnel - fråsegn****VEDTAK:**

Vestlandsrådet meiner det er avgjerande viktig at ein snarast får lagt fram ei eiga sak til Stortinget om Stad skipstunnel. Bakgrunnen er dei mange store og grundige utgreiingane som allereie er gjort omkring Stad skipstunnel. Verdien av å få realisert Stad skipstunnel er ved fleire høve vist til som stor både med omsyn til generell samfunnsnytte, for auka tryggleik langs kysten, og miljøpolitisk.

Vestlandsrådet meiner derfor saka er tilfredsstillande utgreidd, og at det no er tid for handling!

Vestlandsrådet tolkar det slik at eit fleirtal i Stortinget ved fleire høve har signalisert at Stad skipstunnel må byggjast.

Vestlandsrådet registrerer at Kystverket tidlegare har konkludert med at stor profil, som er dimensjonert etter hurtigruteskipet "Midnattsol", er det beste alternativet når Stad skipstunnel skal realiserast. Rådet forstår det også slik at både Kystverket og LO peiker på den positive samfunnsmessige nytta ei slik løysing vil ha. Det at ein både unngår det farlege og vêrharde Stadhavet, og at ein vil få langt meir gods over på sjøvendt transport, peiker elles LO på som sær viktig.

Møte med fiskeri- og kystminister Lisbeth Berg-Hansen tidlegare i år, meiner Vestlandsrådet gav vidare grunn til å lite på at saka om Stad skipstunnel blir ferdig i løpet av 2010 og at ein får saka handsama i Stortinget snarast.

Med nye utgreiingar no fryktar Vestlandsrådet det er grunn til å bli uroa for at saka om Stad skipstunnel går ei usikker tid i møte. Rådet tolkar vidare at ei avsetting av kr 200 mill i slutten av perioden, ikkje forpliktar godt nok, men i verste fall kan resultere i ei utsetting av ei endeleg avgjersle til seinare.

Vestlandsrådet registrerer no eit veksande krav frå Vestlandet om at saka om Stad skipstunnel snarleg får ei endeleg avgjersle i Stortinget slik at ein slepp å gå lenger utan å vite lagnaden for dette viktige tiltaket på kysten vår.

Konklusjon

Vestlandsrådet meiner det er avgjerande viktig at ein snarast får lagt fram ei eiga sak til Stortinget om Stad skipstunnel. Bakgrunnen er dei mange store og grundige utgreiingane som allereie er gjort. Verdien av eit Stad skipstunnel er ved fleire høve vist til som stor både med omsyn til generell samfunnsnytte, for auka tryggleik langs kysten, og miljøpolitisk.

Vestlandsrådet meiner derfor saka er tilfredsstillande utgreidd, og at det no er tid for handling!